



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Jørgen Aarø, 55 57 20 46

Vår dato  
15.01.2013  
Dykkar dato

Vår referanse  
2013/545 433.2  
Dykkar referanse

Oddbjørn Helland  
Horveidvegen 78  
5723 BOLSTADØYRI

### Løyve til planting av fjelledelgran

---

#### **Oddbjørn Helland får løyve på bestemte vilkår til å plante ut 600 fjelledelgran til juletreproduksjon på det omsøkte området på gnr. 362 bnr. 5 i Voss kommune.**

---

Vi viser til din søknad om utsetting av 600 fjelledelgran (*Abies lasiocarpa*) til juletreproduksjon som vi mottok 7. januar 2013. Søknaden er vurdert i samarbeid mellom Fylkesmannen sin miljøvern- og klimaavdeling og landbruksavdelinga.

Saka er handsama etter ny forskrift av 25. mai 2012 nr. 460 om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksføremål, med heimel i naturmangfaldlova. Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova kapittel II ligg til grunn for sakshandsaminga.

#### **Treslag**

Det omsøkte treslaget er fjelledelgran (*Abies lasiocarpa*) av proveniens Grassie mountain, med opphav i British Colombia. I publikasjonen *Fremmede arter – med norsk svarteliste 2012* er fjelledelgran plassert i kategorien *lav risiko*, noko som betyr at den ikkje er dokumentert å ha vesentleg negativ påverknad på norsk natur. Dette treslaget inngår difor ikkje i svartelista.

#### **Utsettingsområdet**

Utsettinga er planlagt på eit eitt dekar stort område på gnr. 362 bnr. 5 i Voss kommune som allereie er eit etablert juletrefelt. Planting av 600 fjelledelgran skal supplere utplantingar som skjedde i åra 2005 til 2009 på området merka B i kartvedlegga. Det er ikkje registrert særskilt sårbar eller verdfull natur på denne eller tilgrensande eigedomar i Naturbase, og det er ikkje registrert funn av raudlista artar i Artskart.

#### **Tiltak mot spreining og internkontroll**

Det er opplyst i søknaden at dei utplanta trea skal ha ei omløpstad på om lag åtte til tolv år. Trea skal hoggast før dei set frø. Så lenge dette vert gjort er det lav risiko for at utsettinga vil ha vesentleg negativ påverknad på stadeige naturmangfald. Det er ein føresetnad for løyvet at tiltakshavar etablerer rutinar for å sikre hogst før frøsetting.

## Vurdering etter naturmangfaldlova kapittel II

Ut frå det vi finn av informasjon i Naturbase og Artskart er det ikkje grunn til å anta at særskilt sårbare eller verdfulle artar og naturtypar vil bli negativt påverka av tiltaket. Det aktuelle treslaget er ikkje svartelista og omfanget av tiltaket er lite. Vår vurdering er at saka er godt nok opplyst til å fatte eit vedtak, jamfør kravet til kunnskapsgrunnet og føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova §§ 8 og 9.

Den omsøkte utsettinga skal skje på eit lite område som er ein del av eit eksisterande plantefelt for juletre. Vår vurdering etter § 10 i naturmangfaldlova, om økosystemtilnærming og samla belastning, er at utplantinga i liten grad vil auke påverknaden på stadeige naturmangfald utover det som er tilfelle i dag.

Etter naturmangfaldlova § 11 skal kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet berast av tiltakshavar. Dersom brot på vilkåra i løyvet fører til skade på stadeige naturmangfald må tiltakshavar bere kostnadane for å rette opp i dette.

Val av driftsmetodar og teknikkar skal etter § 12 ta best mogleg omsyn til naturmiljøet, slik at resultatet gjev dei beste samfunnsmessige resultat. Utover dei føringar som følgjer av anna lovverk, som til dømes for bruk av sprøytemiddel, har vi ikkje spesielle merknadar til dette i denne saka.

### Vedtak

Oddbjørn Helland får løyve til å plante ut 600 fjelledelgran på følgjande vilkår:

- løyvet gjeld for 2013
- trea må hoggast før dei set frø, eller innan 15 år frå planting
- rutinar for å sikre hogst før frøsetting må verte etablerte
- dette dokumentet må gjerast kjend og overført til ny grunneigar ved eventuelt eigarskifte
- dersom juletreproduksjon på eigedomen vert avvikla må trea hoggast.

### Klageadgang

Vedtaket kan påklagast innan tre veker, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Klaga skal stilast til Direktoratet for naturforvaltning, men sendast til Fylkesmannen i Hordaland, jf forvaltningslova § 32.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Kjell Kvingedal  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## **Kopimottakarar**

Direktoratet for Naturforvaltning

Voss kommune

Fylkesmannen i Hordaland landbruksavdelinga ved Rune Mikkelsen

SABIMA og WWF har bede om innsyn i vedtak om utsetting av utanlandske treslag og får kopi av brevet.